



--

Arkiv saknr:	2018/1321
Løpenr.:	7680/2019
Arkivkode:	150

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet		
Kommunestyret		

Sakshandsamar: Jan Myrekrok

Status for byggjeklare tomter i kommunen

Dokument i saka:

Budsjett og økonomiplan 2019 – 2022.

Bakgrunn:

Det er ei målsetjing å ha byggjeklare tomter i kommunale felt i alle bygdesentra i Vinje. Bakgrunnen for saka er å gje ei kort oppdatering på status kringom i kommunen, og få ei politisk vurdering av om ein skal ta åtgjerder for å auke talet på byggjeklare tomter.

Under er linken til oversynet over ledige tomter.

<http://www.vinje.kommune.no/tjenester/bygg-og-eigedom/ledige-bustadtomter>

Vurdering:

Tenestetorget har orientert rådmannen om korleis dei opplever etterspurnaden. I alle tomtefelt vil det vere tomter som av ulike årsaker blir oppfatta som mindre attraktive, og står att.

Bøgrend

Det er framleis to ledige tomter i Vesaasvegen.

Haukeli

Slobrekk har 7 ledige tomter. I kommunedelplanen (KDP) som no er på høyring blir det lagt til rette nye tomter. Regulering av desse startar opp så snart KDP er vedtatt.

Rauland

I Setali er det 3 ledige tomter etter prosessen med fortetting for nokre år sidan. Krontveit har 27 ledige tomter. Det inneber at det er seld 17 tomter etter at feltet blei opna.

Øyfjell

Kommunen har gjennomført grunnerverv og det blei i haust løyvd 6 mill til vatn og avlaup. TDV melder om at dei vil trenge ytterlegare 500 000,- kr til dette føremålet. Resterande opparbeiding av veg kjem på 4,6 mill kr. Sistnemnte tiltak ligg ikkje inne i økonomiplanen.

Åmot

I Nedre Drotning står det att éi tomt. Surgrav bustadfelt er ein privat reguleringsplan med 6 tomter. Rådmannen kjenner ikkje til eventuelle vilkår knytt til bygging på desse tomtene. Juvbakk har pt 5 ledige tomter. Tre av dei ligg nedst i Hestetjosvegen i nærleiken av kraftlina, og noko i skuggen før kveldssola kjem. Rådmannen vurderer det til at desse truleg er mest aktuelle for kommunale gjennomgangsbustader på sikt. I praksis er det såleis lite å velje på, og kommunen har fått spørsmål om når tomter lenger nordaust i feltet blir lagt ut for sal. Det mest nærliggjande neste steg i feltet ser også ut til vere 8 tomter i Juvbakkstubben øvst feltet. TDV reknar dette arbeidet til 4,3 mill.

Oppsummert

Rådmannen rår til at ein tek inn bustadfelt Øyfjell og klargjer dette for utbygging, ettersom det ikkje er byggjeklare kommunale tomter i denne delen av kommunen. Vidare legg ein vekt på at første del av løyvinga, og grunnervervet, kom så vidt seint at fullfinansiering ikkje vart fanga opp i budsjettprosessen.

Så skulle gjerne rådmannen tilrådd å opne fleire tomter i Juvbakk. Det er ledige midlar på Disposisjonsfondet og Konesjonsavgiftsfondet, men nivået er sopass lågt at det er ønskjeleg å sjå utviklinga i andre investeringsprosjekt utover i budsjettåret, og eventuelt tilrå omfordeling av midlar seinare.

Rådmannens framlegg til vedtak:

- 1. Kommunestyret tek statusrapporten til vitande.**
- 2. Nytt investeringsprosjekt Bustadfelt Øyfjell får ei ramme på 5,1 mill kr, finansiert frå Kapitalfondet.**

Rådmannen, 02.04.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/